



Knut A. Myklebust er ein av mange flinke fotografar i bygda og no har han laga eit postkort som inneheld tilsaman ni Uskedal-motiv med verkeleg flukt over..

Her er det både fjord, fjell, 17-maifeiring og panoramabilete av båthamnane, bygda sett frå sjøsida og markeringa av eitt nytt år.

Og velkomstskiltet som no mellombels er teke vekk er nytta som introduksjon til det heile.

Myklebust opplyser at det kun er trykt 100 eksemplar av postkortet og at det heller ikkje vil bli laga fleire med desse motiva.

Han har ikkje heilt bestemt seg for salsmåte og pris enno, men er open for forslag.

Av Ola Matti Mathisen